

jordvern.no

MØRE OG ROMSDAL

Bli medlem
i dag!



Det kjem
nokon etter oss
– **ta vare på
matjorda!**

ÅRSMELDING 2017

FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JM&R) vart etablert 15.2.2016 som ein frittstående partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JM&R vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen søkja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak. Jordvern Møre og Romsdal krev at om utbygging må gjennomførast må det skje på andre areal enn dyrka mark.

ORGANISERING

Verksemda er basert på medlemskap med tilhøyrande kontingent. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er etablert sjølvstendige jordvernforeningar som dekker store delar av landet. Det er ingen formell overbygning for jordvernforeningane. Det blir likevel samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og nokre administrative oppgåver.

ÅRSMØTET I 2017

Dette vart gjennomført på Gjermundnes 3.april i etterkant at Jordvernkonferansen same dag. Det var 10 framømte i årsmøtet. Møtet vart leia av styreleiar Kolbjørn Gaustad.

Årsmelding, rekneskap og budsjett vart godkjent. Valget fekk følgjande utfall:

Leiar: Kolbjørn Gaustad (gjenvalg, 1 år).
Styremedl: Atle Frantzen (gjenvalg, 2 år).
Styremedl: Øystein Solli (ny, 2 år).
Nestleiar: Anne Katrine Jensen (gjenvalg, 1 år).
1.vara: Audun Skjervøy (gjenvalg, 1 år).
2.vara: Helge Øverås (gjenvalg, 1 år).
Valgkomite: Torill Vinje (ny, 3 år).
Vara valgk: Magnus Jonsson (ny, 1 år).
Revisor: Guttorm Kjelsvik (ny, 1 år)
Alle valg var einstemmige.

Ikkje på valg:

Styremedl: Anne Katrine Jensen. (Vald for 2 år i 2016.)
Styremedl: Eli Sæther. (Vald for 2 år i 2016.)
Valgkomite: Julie Slenes Leine. (Vald for 2 år i 2016.)
Valgkomite: Stein Brubæk. (Vald for 3 år i 2016.)

Desse gjekk ut av valde funksjonar:

Ingbjørn Bredeli: Tiltrådte ikkje styret etter det konstituerande årsmøtet.
Arnar Lyche: Var på valg og gjekk ut etter 1 år i valgkomiteen.
Øystein Solli: Var på valg og gjekk ut som revisor etter 1 år.
Vald inn som ny styremedlem.

Til slutt takka Kolbjørn Gaustad for innsatsen til dei som gjekk ut av valde funksjonar. Han takka også for godt gjennomført årsmøte, ønska velkomen til eit nytt arbeidsår og gratulerte dei som vart vald inn i nye funksjonar.

ARBEID OG SAKER I STYRET

Det er halde 4 styremøter og behandla til saman 40 saker. Oppgåver og saker som er følgd opp:

Håndtering av jord ved veibygging

Temaet vart første gang behandla av styret i møte 23.9.16, der Magnus Jonsson orienterte om erfaringar på Vikebukta knytt til E39 og Tresfjordbrua. Saka vart deretter tatt opp i styremøte 12.1.17, der Sverre Heggset, Landbruk Nordvest, orienterte om erfaringane frå nevnte vegprosjekt og dialog med fylkesmannen og Statens Vegvesen.

E39 Lønset – Hjelset

Statens Vegvesen har lagt fram forslag til ny trase Lønset – Hjelset. Traseen er i hovudsak lagt i overkant av dyrka og dyrkbare areal, men med konfliktområder på Lønset og særleg på Hjelset, der det blir føresett at traseen tek omsyn til bygging av nytt sjukehus. JM&R deltok på orienteringsmøte med Statens Vegvesen på Hjelset 5.1.17 og har seinare følgd prosessen.

Reguleringsplan Malmefjorden

Dette handlar om bruk av dyrka og dyrkbar jord til bustadformål.

Jordvern M&R som høyringsorgan og håndtering av plansaker i kommunane

Dette var tema i styremøtet 24.5.17, der Ingbjørn Bredeli, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal orienterte. Til saman 12 natur- og friluftslivsorganisasjonar samarbeider med FNF som sekretariat og med Bredeli som einaste tilsette i Møre og Romsdal.

Det vert årleg sendt ut ca 1400 plan-/arealsaker i fylket. Det er ingen felles arena der ein kan finna alle sakene. Det finst heller ikkje noko felles adresseregister som saker kan sendast til. I kommunane blir noko handtert digitalt, men langt frå alt. Statens Vegvesen er den største enkeltutbyggjaren med eit stort fagleg/juridisk apparat.

I møtet kom det klart fram at det i større grad bør visast til fortetting og betre bruk av eksisterande utbygd areal som alternativ til nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Vidare kom det fram at for at jordvern skal få større allmen aksept er det behov for å sjå jordvern inn i ein større samanheng. (Matvaresikkerhet, barnebarnerperspektivet.) Det er også behov for å definera kva jordvern er: Det må handla både om å hindra utbygging og å sikra at eksisterande og potensiell matjord blir godt ivaretatt og brukt.

Støtteuttale oppstartmelding reguleringsplan helsehus Batnfjordsøra

JM&R støtta i eige brev Forum for Natur og Friluftsliv sin uttale til oppstartmelding reguleringsplan helsehus Batnfjordsøra. Det blir foreslått utbygging på god matjord i sentrum. FNF etterslyser alternativ, inkludert vurdering av bruk av eksisterande utbygd areal.

Offentleg ettersyn. – Detaljregulering SNR Hjelset.

Planen legg opp til at ca 15 da fulldyrka jord og ca 15 da godt utnyttta innmarksbeite vil gå tapt. JM&R ber om at det blir utarbeida ein plan for korleis jord frå utbyggingsareal blir tatt vare på og utnyttta. Vidare heiter det i uttalen at planen må gje anvisning på at god jord må brukast lokalt, at den ikkje må blandast med anna, dårlegare jord, stein eller andre massar. Planen må også gje anvisning på at jorda skal brukast til plante-/matproduksjon, at evt mellomlagring må skje på ein god måte, at jorda ikkje blir brukt som fyllmasse eller dumpa planlaust på anna uproduktivt areal. Det blir også anmoda om at jord frå sjukehusutbygginga blir brukt som erstatningsjord for dei bruka som blir skadelidande som følgje av ny E-39.

Reguleringsplan helsehus Batnfjordsøra

Det er lagt fram alternativ som medfører regulering/nedbygging av ca 20 da fulldyrka og driftsmessig god jord. JM&R ber om utgreiing om bruk av allereie regulert areal, og etterslyser arbeid med å finna alternative løysingar for bruk av eksisterande nedbygd areal og dagens bygningsmasse. Kommunen si målsetjing om bærekraft og kompakte tettstader blir støtta, men det blir presisert at evt omdisponering av matjord må gjerast etter ei grundig totalvurdering.

NYHETER ROMSDALS BUDSTIKKE ONSDAG 13. DESEMBER 2017

• Bønder i Gjemnes aksjonerte for kommunestyremøtet

– Dei tar beste matjorda

– Kommunen tek seg til rette og vil ha tre gonger meir matjord enn nødvendig til den nye sjukeheimen på Batnfjordsøra, seier bondelagsleiar Jørn Harstad til Romsdals Budstikke.

BATNFJORDSØRA: I halvtimen før kommunestyremøtet tysdag markerte Gjemnes bondelag motstand mot planane. Det diskuterte med politikarane på veg inn til møtet.

– Arealen er ikkje regulert enno, men vi vil vere i forkant av prosessen og sette frå, slik at vi er sikre på at argumenta våre blir med frå starten. Vi meiner behovet for areal ikkje har blitt dokumentert, slik det er krav om. Kommunen har planlagt å ta tre gonger meir jord enn det som trengst, mellom anna til ein barnehage, som etter vår meining ikkje treng å ligge på området. Del henvær at unge og eldre høyrer saman. Vår meining er at barnehagen godt kan ligge i ein skogkant.

Jørn Harstad seier utbygginga går ut over garden til Thorleif Indergård, som mistar 20 dekar av den beste jorda. Indergård driv med mjølkedyr og sau. Det blir også snart eit generasjonsskifte på garden. Dette er viktig jord for gardsdrifta i framtida, den ligg nær tuset og er av god kvalitet. Jordvern har prioritert frå Stortinget, men fylkesmannen kjem ikkje med motsegn då kommunen seier det ikkje er realistiske alternativ, ifølgje NAK.



SNARSKA OM JORDVERNE: Jørn Harstad (t.h.) saman med Rolf Kristian Bløkken, Thor Erik Aandal, Ingunn Torvik og neste generasjon Erla Beata Bløkken og Karin Sofie Bløkken markerte jordvern utanfor kommunehuset på Batnfjordsøra tysdag ettermiddag. **BESSE FOTO: ODDBJRNN HARNES**

Tuff budsjettakt
Gjemnespolitikarane har knapt hatt ei varselegare budsjettbehandling enn i år.

– Budsjettsaka blir vanskeleg, med ein svært stram økonomi i 2018 og vidare ut 2021. Vi planlegg mange investeringar framover som også får konsekvensar for drifta på sikt, sa ordførar Knut Sjømaaling (Sp) for møtet, som ikkje var ferdig då Romsdals budstikke gjekk i trykken.

Her tenker han først og fremst på sjukeheim/helsehus til 204 millionar kroner og ny skule til 35 millionar kroner, som gjer at det blir lite pengar att til å drive kommunen for.

Grensejustering
Det spesielle med økonomiplanane er at fylkesmannen behandlar sak om grensejustering i Indre Gjemnes. Før søknaden tilslutning og 25 prosent av innbyggjarane går til nye Molde kommune, får dette svært alvorlege konsekvensar for det altverande i Gjemnes kommune. Budsjett- og økonomiplanarbeidet må då starte på nytt, seier Sjømaaling.

Fylkesmannen kjem med ei innstilling til departementet for påske. I januar blir det innbyggjarhøyning, der alle over 16 år i dei aktuelle kretsane blir oppringt.

ODDBJRN HARNES
oddbjrn.harnes@na.no



MØTE ORDFØRAREN: Ordførar Knut Sjømaaling (Sp) tok seg tid til å snakke med demonstrantane før møtet. Frå venstre Magna Roy Aastad, Thor Erik Aandal, Rolf Kristian Bløkken, Erik Urdalen med dottera Alina, Bernt Bjørkseth Soknes og Jørn Harstad.

Fordekt omdisponering av dyrka jord, Kvam, Molde

Det er sendt brev til Molde kommune med spørsmål om planstatus for området. Kommunen har svart at arealet er regulert til annen formål.

Kommuneplan Gjemnes

Med utgangspunkt i at Gjemnes er en kommune med mye dyrka areal har det vært stort engasjement i kommunen knytt til valg av tomt for helsehus og framtidig trase for E-39 gjennom kommunen. Spørsmål om arealdisponering knytt til dette, samt øvrige arealdisponeringsutfordringer er blitt presentert i samband med rullering av samfunns- og arealdelen i kommuneplanen. Det er arbeidet med dette i 2017 og sendt uttale i februar 2018.

Jordvernomsyn i samband med valg av sjukehusomt for Nordmøre og Romsdal

Det er sendt brev til Molde, Gjemnes og Kristiansund kommuner, samt Helse Møre og Romsdal, med spørsmål om hva vurderinger som er gjort i forhold til jordvern ved valg av sjukehusomt. I svar som er mottatt blir det i hovedsak vist til de faglege utgreiingane som er gjort som grunnlag for tomtevalg.

Uttale til utkast til landbruksmelding for Møre og Romsdal

I vår uttale blir det vist til at målsetjinga med landbruksmeldinga skal vera at den er retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå. Vi har difor peika på at meldinga bør ha klare strategiar, mål og tiltak knytt til jordvern, og at jordvern bør vera eit sentralt element i meldinga. Det blir etterlyst ein brei gjennomgang og konkretisering og prioritering av verkemiddel og tiltak knytt til jordvern. Dette gjeld t.d. ordning for kompensasjons- og erstatningsareal, bruk av eksisterande verkemiddel for vern av matjord i kommuneplanarbeidet, tiltak for meir bruk av eigenprodusert for, tiltak som fører til at meir jord blir tatt i bruk, manglande statistikkgrunnlag.

I den vedtatte landbruksmeldinga er det tatt inn mål om den årlege omdisponeringa i fylket innan 2020 skal vera under 200 dekar.

Innspel til 2.gongs offentleg ettersyn, kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2029, Giske kommune

Det er sendt uttale til Giske kommune, der det blir vist til Nasjonal jordvernstrategi, plikta vi har på oss til å ta vare på matjorda, intensjonen med Jordlova og at LNF-områda er landbruket sitt næringsareal.

Befaringar, møter, arrangement:

Nasjonal jordvernkonferanse

Det vart halde nasjonal jordvernkonferanse i Oslo 7.6., med Bioforsk, Norges Bondelag og jordvernforeningane som sentrale aktørar. Atle Frantzen deltok for JMR.

Økouka, Tingvoll, 25.- 29.9.

Økouka er eit initiativ frå 13 aktørar og organisasjonar som arbeider med økologisk og biodynamisk produksjon og forbruk. Målgruppe er bønder, privatforbrukarar og storhushaldningar. Det er ønskje om å auka kunnskap og oppmerksomhet om sunn, rein og økologisk mat. I Møre og Romsdal er det Norsøk/Tingvoll Økopark som har regien på gjennomføringa, med tilskot frå fylkesmannen.

Mandag 25.9. var temaet JORD, med foredrag v/Dag Jørund Lønning, med Jordvern Møre og Romsdal som medarrangør. Kolbjørn Gaustad ønska velkommen.



MATJORD – MÅ BARE HA DET!



ÅRETS LANDBRUKSBLOGGER 2014
ÅRETS BYGDEPROFIL 2015

Den levande matjorda og den komande grøne revolusjonen, om den nye kunnskapen som endrar alt.

Kom til Økoparken på Tingvoll og hør Dag Jørund Lønning, professor dr. philos. og rektor ved Høgskulen for bygdeutvikling.

MANDAG 25. SEPTEMBER, KL 1800 – 2000, I TINGVOLL ØKOPARK

Lønning har skrevet Jordboka som lanseres denne høsten. Men først kommer han til Tingvoll! Forfatteren skriver selv: «... nøkkelen til å løysa alle dei store utfordringar mennesket og planeten står overfor kan visa seg å finnast i molda».

Kolbjørn Gaustad fra Jordvern Møre og Romsdal ønsker velkommen.

Pris: kr 200,- Kaffe, te og mat inkludert. Møt opp – ingen påmelding.

Arrangementet er i samarbeid med Jordvern Møre og Romsdal

Disse står bak Økouka i Møre og Romsdal: Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK), Tingvoll Økopark, Oikos Møre og Romsdal, Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag, Møre og Romsdal bondeleg og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Programmet for heile Økouka i Møre og Romsdal 2017 ligger på norsok.no

Kontakt: Liv Solemdal, liv.solemdal@norsok.no

Nettverksamling jordvernforeningane, Oslo, 23.11. Atle Frantzen.

Norges Bondelag inviterte til nettverksamling for jordvernforeningane i Oslo 23.11. Atle Frantzen deltok for JMR.

Markering av vedtak om nasjonal jordvernstrategi

Hausten 2017 var det 2 år sidan Nasjonal jordvernstrategi vart vedtatt. I samarbeid mellom mange «grøne» organisasjonar vart dette markert framfor Stortinget 23.11. Gjennomføring som del av nettverksamling same dag.

Foredrag med Dag Jørund Lønning

Ingrid Opsvik tok initiativ til eit foredrag med Dag Jørund Lønning i Ørsta mandag 6.11. Utgangspunkt var den nye boka til Lønning. Jordvern Møre og Romsdal var medarrangør saman med fleire andre organisasjonar.

Møte med landbruksdirektøren

Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen hadde møte med landbruksdirektør Frank Madsøy 15.11. Det var gjensidig orientering om aktuelle saker og oppgåver.

Fagdag særlovene 8.11.

Landbruksavdelinga hos fylkesmannen inviterte til fagdag om særlovene i landbruket i Molde 8.11. Konesjonsloven var ein sentral del av dagen. Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen deltok.

Konferansar:

Jordvernkonferanse, Gjermundnes, 3.4.17

JMR inviterte til Jordvernkonferanse på Gjermundnes 3.4., i samarbeid med Landbruksmuseet for Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag og Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag. Konferansen vart gjennomført med 46 deltakarar. Følgjande hadde innlegg:

Frank Madsøy, landbruksdirektør, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Forfattar Knut Ødegård: «Jordvern, ein kongstanke».

Ordførarane i Romsdal hadde korte innlegg om jordvern i sin kommune.

Kristin Sørheim, leiar i samferdselsutvalet i Møre og Romsdal: «Jordvern og vegbygging».

Gunvor Fossholt Ytterstad, jurist hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal: «Jordvern i lovverket».

JORDVERN KONFERANSEN

FORMØRE OG ROMSDAL
Mandag 3. april 2017
Gjermundnes vidaregåande skule, Vikebukt, Vestnes



Langaa, Næram

Møre og Romsdal er i landstoppen når det gjeld å ta i bruk dyrka jord til andre formål. Berre dei siste åra er dyrka jord på storleik med 350 fotballbaner tatt i bruk til andre formål enn jordbruk på Nordvestlandet. Dette er bakteppet når det blir invitert til jordvernkonferanse på Gjermundnes mandag 3. april.

Målgruppe er politikarar og administrasjon i kommunane, bønder, grunnsigarar og andre som er opptekne av korleis areal som er egna til matproduksjon blir brukt.

Inga deltakaravgift.

Arrangør:
Landbruksmuseet for Møre og Romsdal i samarbeid med
Jordvern Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Bondelag
Møre og Romsdal Bonde - og småbrukarlag

Verdens jordverndag

Som ein del av markeringa av Verdens jordverndag inviterte JMR til Jordverndag på Sunnmøre Museum, Ålesund, 5.12. Følgjande hadde innlegg/foredrag:

Frank Madsøy, landbruksdirektør: Opning.

Tormod Meisingset, rådgjevar hos fylkesmannen: Jordvern og reglane i Jordlova og Plan- og bygningslova.

Arne Sandnes, ordførar Norddal: Jordvern og matforsyning i lokalt og globalt perspektiv.

Jon Aasen, fylkesordførar: Kan vi stola på fylkeskommunen som jordvernar ?

Sverre Heggset, Landbruk Nordvest: Erfaringar med praktisk jordvern i samband med vegutbygging.

Trond Malmedal, bonde og lokalpolitikar: Jordbank, tankar og muligheter.

Til slutt vart nokre ordførarar og lokalpolitikarar utfordra på temaet «Jordvern og arealforvaltning i min kommune». Kolbjørn Gaustad var møteleiar.



Verdens Jordverndag 2017:
JORDVERNDAG
Sunnmøre Museum, Ålesund
Tirsdag 5. desember
Påmelding innan fredag 1. desember på tlf 90 95 47 87 eller
møreogromsdal@jordvern.no

Møteleiar: Kolbjørn Gaustad, leiar Jordvern Møre og Romsdal.

PROGRAM

10.30: Registrering, kaffi og rundstykker

11.00: Opning
v/landbruksdirektør Frank Madsøy, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

11.20: Jordvern og reglane i Jordlova og Plan og bygningslova
v/ Tormod Meisingset, rådgjevar hos fylkesmannen i Møre og Romsdal

11.45: Jordvern og matforsyning i lokalt og globalt perspektiv
v/Arne Sandnes, ordførar i Norddal kommune

12.15: Lunsj/møtapause

13.15: Kan vi stola på fylkeskommunen som jordvernar ?
v/Jon Aasen, fylkesordførar

13.45: Erfaringar med praktisk jordvern i samband med vegutbygging
v/Sverre Heggset, Landbruk Nordvest

14.15: Jordbank – tankar og muligheter
v/Trond Malmedal, bonde og lokalpolitikar, Fræna kommune

14.45: Jordvern og arealforvaltning i min kommune – orientering og diskusjon
/ordførarar på Sunnmøre

15.45: Avslutning

Målgruppe: Politikarar, forvaltning og administrasjon i kommunane, bønder, grunneigarar og andre interesserte.

Arrangør: Jordvern Møre og Romsdal i samarbeid med Landbruksmuseet for Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag.

Deltakaravgift: Gratis for medlemar i Jordvern Møre og Romsdal. Ordinær deltakaravgift kr 225, inkl lunsj.



Medlemsverving, profilering og utadretta kontakt:

Medlemsverving

Pr 31.3.2017 var det registrert 38 medlemskap med betalt medlemskontingent for 2017. Pr 31.12. var dette auka til 40 medlemskap. Pr 5.3.2018 er det registrert 55 medlemskap med betalt medlemskontingent for 2018.

Premiering for godt jordvernarbeid

Styret har hatt ønske om å etablere ein jordvernpris for Møre og Romsdal, der JM&R er «eigar» av prisen, med styret som jury. Formålet med prisen er tenkt å vera i samsvar med hovedmålet for JM&R. Styret har tenkt det slik at det i kvart tilfelle blir tatt stilling til om det skal delast ut pris som årets jordvernkommune og/eller ein «open» jordvernpris. Styret ønskjer å koma tilbake til kva prisen skal bestå av, verdi/kostnader, kor ofte den skal delast uti osv.

Profilering og utadretta kontakt:

Det er etablert eigen e-post: moreogromsdal@jordvern.no som blir lest av leiar og sekretær. Det blir drifta egne heimesider under www.jordvern.no. Denne er felles for jordvernforeningane.

Det er etablert ei eiga facebookgruppe «Jordvernforeningen Møre og Romsdal». Gruppa er offentlig, det må søkjast om å bli medlem i gruppa, som ikkje er knytta til medlemskap. Den har 93 medlemmar.

Jordvern Møre og Romsdal Resultatregnskap

	2017	2016
Driftsinntekter		
Tilskudd Landbr.dir.	24 904,00	20 000,00
Kontingent	9 525,00	0,00
Arrangement	25 800,00	18 000,00
Renteinntekter	31,00	1,00
Sum driftsinntekter	60 260,00	38 001,00
Driftskostnader		
Gebyr	48,00	0,00
Reisegodtgjørelse	7 758,10	0,00
Arrangement	18 700,00	
IT/ hjemmeside	769,00	300,00
Honorar	13 170,60	
Styremøte	994,10	
Sum driftskostnader	41 439,80	300,00
ÅRSRESULTAT	18 820,20	37 701,00

Balanse pr. 31.12.2017

	2017	2016
Eiendeler		
Bank	3 539,20	37 701,00
Til gode tilskudd Landbr.dir.	33 574,00	
Sum eiendeler	37 113,20	37 701,00
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	36 344,20	17 524,00
Leverandørgjeld	769,00	20 177,00
Sum egenkapital og gjeld	37 113,20	37 701,00